

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Heile Hjelmeland.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jakob Gunnufsen f. 3/8 1871. Tømmermann.

SVAR

Det er stor forandring på engkulturen her frå 50-60 år sidan og til idag. Det som før var eng, vart bruka til eng i det uendelege færr, og likeins det som var åker. Kvart åker og eng stykke hadde meir enn nå sine faste namn, det var også visse dagsverk dei rekna for å slå desse engteigane, halv og heil dalar stykke. Eng og ekra var namnet på desse teigane, og det var småeng og tjukkeng. I vanskeleg lende bruka dei stutturv, og der det var slett nok bruka dei longorven. Om varen måtte alle slåtte plassar (både inna- og utagjers) rydjast. Det var ofte vida å fara. Kvinnfolka raka og bar saman kvisst, lauv, stein o. a. i dungar "rotadungar", og så sette dei fyr på. Oska vart stundom spreidd som gjødsel, det var den tids måte å laga kulturbeite på. Men det var og den forskjell i forhold til vår tid, at dyra fekk ikkje beita der før enn der var slått av. Var det blitt mykje mose i enga spadde eller pløydde dei om. Når dei skulle "leggja att" og få eng att, var det berre å gå på låven og sopa saman frø der og så i. Timotei vart først brukt omkring 1890. Vassjuk jord fekk helst liggja som ^{h.}ylåg. Ei "sek" er ein liten dal, stundom breid. Slike plassar sig det vatn nedover og der laga dei stundom "slosokkar" (ein). D. v. s. øvst i seka slo dei bordendar ned i jorda rundt i ring som

ei tunna. Opp i den slosokken hadde dei då alsilag fiske- og slakteavfall, der rotna det, og vatnet som seig i gjennom vart gjødsel vatn og rann nedover og gjødsla. Der vart då fin eng. Åkrane fekk vintergjødsla etter husdyra, var det noko att fekk enga det. Dei „ondebora“ meir i den tid enn no. Det var brakje, lauv, ørekvister og orøtne lauvkjervar, som dei hakka smått. Dei jabna stadi (hevda etter ku og hestar utover), og etter på jamna dei ondeboret oppå dette. Fleire gonger om vinteren måtte dei gjera dette, og det var eit stort arbeid. Smale, geiter og kalvar gjekk og låg då på dette, det gjerte og vart mykje og god hevd. Det var ikkje vanleg å setja husa slik at tunsig rann utover ekrene. Det var heilt andre ting som avgjorde kvar husa måtte stå: livd for storm, sol og lagleg ^{for} ~~for~~ gardsdrift. Der det var tunsig, laga dei små opne veiter og leidde vatnet utover der dei ville ha det. Det var om våren dei gjødsla åker og eng. Det var eit hart arbeid å bryta opp stadi etter at k dyra hadde trøtt og lege på han vinteren igjenom, til det arbeidet hadde dei heimelaga trianga sterke greiper som dei braut opp med. Til å spreida gjødsla med hadde dei mindre og lettare greiper. Køyre greiøne var etter som det var framkomande: på ryggen i kiper når det ikkje var framkomande på annan måte, til hjulbår, handkjerrar, drog- og meiaslede med hest føre, og småkjerrar med hjul der det var greidt framkomeleg. Det var helst gjentene som spreidde gjødsla, karane grov or kjerrane i små „muer“ (ei) seks-sju or kvart lass. Når dei var ferdige med inn haustinga fekk dyra beita overalt, det var om å gjera at dei kunne fø seg sjøl så lenge som mogeleg. Beiting på denne måten foregår den dag i dag sume stader. Om somrane var molke kyrne i buhage (utmark), sume hadde „buhus“ der, som dei kunne vera i om nettene og i ruskever, antan bundne eller lause.

Større gardsbruk hadde og har meir enn ein buhage, dei flutte då dyra frå den eine til den andre når dei hadde opp. Gjødsla i slike buhus vart antan køyd på heimebøen eller spreidd i buhagen om våren.

Stølsdrift var det ikkje lite av i eldre tid, nå er det så å seie heilt slutt. Likeins er det gått med stølslått. Plassen rundt stølshusa kalla dei "Stølsjo". Dei fleste gardane her ligg ved sjøen, og i fjordane er det småsild og brisling. Før hermetikinndustrien tok til var det ofte vanskeleg å bli av med større kvanta, og så vart det å selja til bøndene til hevd. Prisen var stundom berre ein ort strokkens a far. Sovoren brisling og sild vart spreidd på åkeren og horva ned, eller lagt i kompost blanda med mold, lag for lag.